

Møtestad: Skei

Deltakarar:, Knut P. Bøyum, Jorunn Sundal, Inge Masdal, Olaf Skjerdal

Fråfall: Hildegunn R. Gjelsvik, Asbjørn Eikerøl.

Styresaker:

3/1. Forslag frå styret i NU om å endre vedtektene. Jf. vedlegg.

- Styret i NU, ved styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen, har fremja to forslag til vedtaksendingar som gjeld § 9 Målbruk og § 10 rusgifter.
- Lovendringsforslaga vart presentert under landsrådsmøtet oktober 2021, med frist for å kome med innspel og tankar kring framlegget 25. februar. Eventuelt lovframlegg må etter det kunngjerast seinast 22. mars 2022, jf. § 14 i vedtektene til NU.
- Saka krev 2/3 fleirtal på neste landsmøte for å bli vedtatt
- Styret i SOFUL handsama lovforslaga og har gitt eige uttale.
- Uttalen vil bli sendt NU, jf. **vedlegg 3/1 Forslag frå styret i NU om lovendringsframlegg § 9 Målbruk og § 10 Rusgift.**

3/2. Rullering av landsmøte og landsråd blant regionane

- Dei siste åra har landsmøtet og landsrådet vore arrangert i Oslo. Styret i SOFUL ønskjer at ein i større grad bør legge til rette for å rullere mellom regionlaga. Styret har utarbeidd utale, som vil bli sendt NU, jf. **vedlegg 3/2 Rullering av landsmøte landsråd blant regionane.**

3/3. Folkemusikkstipendet.

- Olaf sit i komiteen som tildeler folkemusikkstipendet. I dag er det tre stipend som vert delt ut, eit til etablert musikar på 50 000,- og to ungdomsstipend på 25 000,- I år var det berre fire søkarar. I tillegg var ei av søkarane utanfor ordninga.
- Det må gjerast noko med ordninga eller korleis den vert kommuniser ut i miljøet.
- Det er særst dyrt å kjøpe inn hardingfeler, medverkar til at det er vanskeleg å rekruttere eller at born og ungdom får moglegheita til å prøve. Olaf ønskjer at det vert etablert innkjøpsordning til lag og organisasjonar til innkjøp.
- SOFUL vil sende brev til Vestland fylkeskommune om det er mogleg å sette av midlar til støtte av innkjøp av hardingfeler.

3/4. Samarbeid med Hordaland Ungdomslag:

- Christoffer har hatt fleire møter med HUL i løpet av 2021. SOFUL ønskjer å jobbe vidare med felles stemner og kurs. SOFUL ønskjer m.a. å få til felles kurs for nye instruktørar i barnedans til våren. Det er òg avtalt møte med HUL i samband med kulturkonferansen 18. november.

3/5. Sølvberg fekk prisen for folkemusikk og folkedans av Nors senter for folkemusikk og folkedans.

- Gåve til Sølvberg. Blomar eller noko anna?
- SOFUL sender blomeoppsats. Christoffer følger opp saka,

3/6 Orienteringssaker

1. HiB og Sparebankstiftinga
2. Oppsummering Osafestivalen
 - SOFUL v/Christoffer hadde fleire møter med Hordaland UL, laga bestemte seg for å samarbeide med Osafestivalen om felles bornestemne. Det vart sendt ut fleire e-postar, meldingar på sosiale media og utarbeidd plakate om stemnet til lokallaga. Fjærland deltok frå Sogn og Fjordane. Dei har gitt skriftleg tilbakemelding og var generelt veldig nøgd med opplegget. Christoffer har avtalt oppfølgingsmøte med Osafestivalen.
3. Status julehefte
 - Jul i Sunnfjord er i trykken.
 - Jul i Sogn er i ferd med å satt opp.
 - Elles så fekk vi tilbake mva. på blada etter lenger tids dialog med skatteetaten.
 - Christoffer utarbeider pressemelding når hefta er klare.
4. Kulturkonferanse 18. november
 - Christoffer orienterte kort om kulturkonferansen, han og generalsekretæren i NU vil holde felles innlegg om Huset i Bygda.
5. Kulturbyggkonferanse 2022
 - Det er søkt om tilskot frå Vestland fylkeskommune. Har ikkje fått svar enno på søknad, er elles i kontakt med einsskilde lag og personar om ev. innlegg. Om det blir konferanse, er september-oktober 2022 mest aktuell.
6. Utdeling av aktivitetsprisen under farsdagen 13. november i Undredal
 - Olaf og Christoffer utdeler prisen på vegne av SOFUL.

Andre saker

Inge tok opp reiserekningar. Styret var oppmoda om å hugse å sende inn reiserekningar. Christoffer vil sende ut oppdatert Excel-ark styremedlemmane kan nytte når dei sender inn reiserekning til rekneskapsføraren.

Referent

12.11.2021

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane